

# Rutinar for utleige av hesteanlegg – Stend vidaregåande skule

Skuleåret 2026/2027

---

## 1. Formål

Desse rutinane regulerer utleige av hesteanlegget ved Stend vidaregåande skule til eksterne aktørar. Utleige skal skje på ein trygg, ryddig og føreseieleg måte, og skal ikkje kome i konflikt med skulen si ordinære drift og undervisning.

---

## 2. Kven kan leige

Hesteanlegget kan leigast ut til:

- Godkjende rideklubbar og hesteorganisasjonar
- Lag og organisasjonar med dokumentert hesterelatert aktivitet
- Private hesteeigarar i eit avgrensa omfang kan kjøpe tilgang til ridehall, hallkortordning.
- Elevar og tilsette kan nytte ridehall på lik line med hallkortordninga.

**Av omsyn til banedekket vert berre hesterelaterte aktivitetar godkjent.**

Følgjande er **ikkje** tillate:

- Utleige til ikkje-hesterelaterte arrangement
- Utleige av stall
- Utleige av heile anlegget som pakke

Stend vgs kan i særskilte høve gjera unntak dersom eventuell utleige gagnar elevane ved skulen

---

## 3. Kva kan leigast

Følgjande fasilitetar er tilgjengelege for utleige:

- **Innandørs ridehall**
- **Utandørs ridebane**

Stall og heile anlegget er ikkje tilgjengeleg for utleige.

I samband med ride- eller køyrestemne, samt hesteutstilling, kan det ved kapasitet verta lagt til rette for leige av stallplass

---

## 4. Kapasitet og omfang

- Maksimalt **2 utleigehelgar per månad**
- Skulen fastset kva helgar som er tilgjengelege for utleige
- Utleige skjer berre i skuleåret (ikkje i sommarferien)
- Leigeavtalen er avgrensa til inneverande skuleår og kan ikkje overførast
- Hallkortordninga gjeld på dagar og helgar det ikkje er aktivitet i Stend vgs sin regi eller at ridehall er utleigd til eksterne.

---

## 5. Tilgjengelege utleigehelgar 2026/2027

Skulen har fastsett følgjande helgar som tilgjengelege for utleige i skuleåret 2026/2027:

[Kalender som viser utleige av hesteanlegg](#)

---

## 6. Søknad om leige

- Søknad må sendast inn **innan 10. september** kvart år
- Søknaden gjeld berre for inneverande skuleår
- Søknad sendast på eige søknadsskjema som ligg på heimesida
- Søknaden skal innehalde:
  - Namn på organisasjon/lag
  - Kontaktperson med telefon og e-post
  - Beskriving av aktivitet
  - Ønska helgar (1., 2. og 3. prioritet)
  - Kopi av gyldig forsikring
  - Stadfesting på at aktiviteten er hesterelatert

Søkjjarar får svar **innan 25. september**.

---

## 7. Tildeling av utleigehelgar

- **Skulen fastset og tildeler utleigehelgane**
  - Ved fleire søkjarar til same helg prioriterer skulen:
    - Etablerte rideklubbar med tidlegare leige
    - Søkjarar med størst deltakartal
    - Loddtrekning ved likt grunnlag
  - Tildeling er endeleg og kan ikkje klagast på
- 

## 8. Prisar og betaling

| Fasilitet          | Pris per dag                                                              | Pris per helg (lør + søn) |
|--------------------|---------------------------------------------------------------------------|---------------------------|
| Innandørs ridehall | kr 2 000                                                                  | kr 4 000                  |
| Utandørs ridebane  | kr 800                                                                    | kr 1 600                  |
|                    |                                                                           |                           |
|                    | <b>Pris per kort (kortet er personleg og gjeld frå 1.sept til 31.mai)</b> |                           |
| Hallkort           | 3 000                                                                     |                           |
|                    | <b>Banestell utanom normert arbeidstid</b>                                |                           |
| Banestell          | 1 200 kr/t                                                                |                           |

### Fakturering

- Faktura vert sendt etterskotsvis
- Betaling innan forfall er krav for leige fram i tid

## 9. Avbestilling og endring

- Avbestilling må skje **seinast 14 dagar** før leighelga

Namn på dokument

Type dokument:

Utarbeidd av:

Godkjend av:

Godkjend dato:

Gjeld frå:

Revidert dato:

Arkivsak:-

Side 2 av 3

- Endring av tildelt helg kan berre skje unntaksvís om ei anna helg er ledig
  - Skulen kan avlyse leige ved force majeure, skulearrangement eller driftsavbrot
- 

## 10. Tryggleik og ansvar

- Leigetakar er ansvarleg for tryggleiken til eigne deltakarar og dyr under leiga
  - Godkjend **ansvars- og ulykkesforsikring** er obligatorisk
  - Alle ridande og køyrande skal bruke **godkjend ridehjel**
  - Barn under 16 år skal ha tilsyn av vaksen ansvarleg heile tida
  - Skulen tek ikkje ansvar for skadar på personar, dyr eller utstyr under leiga
- 

## 11. Dyrevelferd

- Alle hestar skal ha oppdatert helsekort og vaksinasjon
  - Hestar med teikn på sjukdom eller skade skal ikkje brukast
  - Overdriven bruk eller dårleg behandling av dyr er grunnlag for umiddelbar avslutning av leiga
- 

## 12. Orden og reinhald

- Leigetakar er ansvarleg for å etterlate anlegget i same stand som ved mottak
- Gjødse

## 13. Forbod

- Røyking er forbode på heile anlegget
  - Alkohol er ikkje tillate
  - Hundar skal vere i band til ei kvar tid
  - Uvedkomande er ikkje tillate i stall eller tekniske rom
- 

## 14. Brot på rutinane

Brot på desse rutinane kan føre til:

- Tap av tildelt leige utan refusjon
  - Utelukking frå framtidig leige
  - Erstatningskrav ved skade
- 

## 15. Kontakt

**Stend vidaregåande skule**

Fanavegen 248, 5244 FANA

Telefon: 55 91 88 00

E-post: robert.dalland@vlfk.no

Nettside: www.stend.vgs.no

---

**Namn på dokument**

Type dokument:

Utarbeidd av:

Godkjend av:

Godkjend dato:

Gjeld frå:

Revidert dato:

Arkivsak:-

Side 3 av 3